



Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland Fylkeskommune

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2026/3756-5	«REF»	28.05.2026

## Ber om uttale - Dispensasjonssøknad - 250/

Kvinnherad kommune har 28.04.2026 journalført søknad om dispensasjon frå formål idrettsanlegg i *Reguleringsplan for skytearena ved Midthølen*, og frå arealføremål Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i Kommuneplan for Kvinnherad 2016-2026 – arealdelen(KPA). Det er søkt om dispensasjon for bygging av ny adkomstveg til hovuddam Fjellhaugvatn, forsterking av overløpsterskel, lekkasjemålearrangement, kabelgrøft frå lukehuset til bygg for lekkasjearrangement og rigg/mellomlagringsområde.


### Planstatus og arealformål:

Kommuneplan for Kvinnherad 2016- 2026 – Arealdelen (KPA) er gjeldande for største del av tiltaksområde og arealføremålet er landbruks-, natur- og friluftsområde(LNF). Del av tiltaket ligg innom *Reguleringsplan for skytearena ved Midthølen*. Arealføremålet her er idrettsanlegg.


### Tiltaket:

Bygging av ny adkomstveg med 4m vegbreidde til hovud dam Fjellhaugvatn. Vegen blir bygd på fylling der dette er mogeleg, og jord og vegetasjonsdekke blir lagt tilbake i fyllingsskråningane. Forsterking av overløpsterskel ved å nytta bergbolt, samt betongrehabilitering av terskel. Eksisterande dam stettar ikkje krava til lekkasjemåle arrangement. Her skal byggast sperrevegg og lekkasjemålehus. Det skal etablerast kabelgrøft frå lukehuset til bygg for lekkasjearrangement. Det skal setjast opp 4 rigg områder(R1-R4) og mellomlagringsområde for stein og vegetasjonsdekke. Avgravingsmengd er opplyst til om lag 3000m<sup>3</sup> for lekkasjemålearrangementet, og når sperrevegg og lekkasjemålehus er etablert vil dei avgravede massene tilbakeførast på staden.

Kartutsnitt med reg. plan og KPA kartlag på. Markør nær ny adkomstveg



Situasjonsplan/arealbruksplan slik vist i søknad



**Naturmangfald:**

Synt trase ny adkomstvegen ligg innom område som i 2025 vart kartlagt i tilknytning til vurdering ny linjetrase(Statnett).Kartlegginga syner at det er parti med gammel skog for deler av traseen. Kartlegginga syner også at området er kalkfattig, noko som gjev indikasjon på lita utbreiing av kalkkrevjande og særleg artsrike naturtypar. Naturtypekartlegginga syner ikkje førekomst av andre særskilde naturtypar eller registrerte arter av forvaltningsmessig betydning innom område der vegtrase er vist. Ref. naturbase.no

**Friluftsliv:**

Tiltaka ligg over tregrensa og del av tiltaka (veg) blir i urørt fjellområde. Områda frå Fjellhaugen og vidare innover langs Blådalsvegen er mykje nytta som friluftsliv – og turområde. Det er utarbeida detaljplan for miljø- og landskap der søkjar gjer greie for deira vurdering av tiltaka si påverknad for natur og miljø. Detaljplan for miljø og landskap er oversendt NVE for behandling. Det er opplyst saka at vedtaket blir sendt kommunen så snart det føreligg.

**Kulturminne:**

Ingen registrering innom tiltaksområdet.

**Nabovarsling:**

Det manglar varsel til ein nabo. Denne er varsla i etterkant. Øvrige naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre nabomerknad til tiltaket.


**Natur fare:**

Aktsemdskart syner at det er både snøskred-, steinsprang- og jord- og flaumskredfare i deler av tiltaksområdet. Ansvarleg søkjar skriv at det er vurdert at det er generelt lav risiko for skred på vegnettet innom prosjektområdet, og at arbeidet skal utførast på sommarstid, og det vil derfor ikkje utførast arbeid i snøskredsesong.

**Veg/avkjørsel**

Endring på eksisterande tilkomst til Blådalsvegen ved pistolskytebanen.

Utsnitt plan og profil adkomst.

**Landbruk:**

Saka 26.05.2026 sendt landbruksmynde for uttale.

**Uttale:**

Statnett har stadfesta at tiltaket(veg) kan krysse under 300KV linje på staden.

**Lovheimel**

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 kan kommunen dispensere frå føresegn som er gjeve i medhald av lov. Kommunen kan likevel ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føresegn det dispenserast frå, omsyna i loven si formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

**Grunngjeving frå søkjar(Uttrekk):**

*Tiltakene som etableres i LNRF-område gjelder i hovedsak midlertidige riggområder. I tillegg vil nytt lekkasjemålearrangement og arbeider med forsterking av overløpsterskel komme i konflikt med LNRF formålet.*

*Det er ikke er dyrket- eller dyrkbar jord i området, det er ikke registrert merkede turstier i området, og det ikke er registrert gammelskog i tiltaksområdet. Arealet som beslaglegges av riggplasser er eksisterende møteplass/p-plass, samt areal som består av skrint vekstjordlag, berg og steinfylling. Arealet skal tilbakeføres i den grad det er mulig, jf. avsnitt om massehåndtering og istandsetting. Det er ikke registrert spesielle naturverdier eller kulturminner i tiltaksområdet. Området er ikke veldig tilgjengelig for utøvelse av friluftaktivitet, og er ikke ventet å påvirke utøvelse av friluftslivet. I den grad tiltaket kan tenkes å påvirke friluftaktivitet, er dette begrenset til anleggsperioden. Anleggsarbeidene vil bliskiltet, og gjennom anleggsperioden vil området være utilgjengelig for allmennheten. Når arbeidene er utført, vil områdene igjen kunne benyttes av allmennheten.*

*Hvordan hensynet bak formål idrettsanlegg/skytearena påvirkes av tiltakene*

*Etablering av ny adkomstveg vil i liten grad påvirke formålet utover selve vegtraseen. Veggen er forsøkt tilpasset terrenget, og vil gå i bakkant av pistolbane og pistolfelt – feltskyting. Dersom det arrangeres stevne eller pågår skyting, skal det opplyses om dette med skilting eller tilsvarende. Pistolklubben er forelagt planene, og har kommet med innspill som er hensyntatt i arbeidet, ved at det er anlagt ny permanent avkjørsel til pistolskytebanens parkeringsplass, veglinja er justert for å unngå standplass i størst mulig grad, samt at det er gjort endring i plassering av avkjørsel etter innspill fra pistolklubben. Kvinnherad skytterlag er også orientert om planene. De er utelukkende positive til at adkomstvei blir flyttet bort fra skytebanen. Dagens adkomst går tvers over viltbane og 200-metersbane, slik sett vil hensynet til skytebanen, påvirkes vesentlig mindre ved etablering av ny adkomstveg.*

*Fordelene ved å gi dispensasjon er at en får et damanlegg som er bedre rustet til å håndtere flom, samtidig som en etablerer veg som ikke påvirkes av eventuelle fremtidige flommer. I dag går tilkomst til damanlegget nær vannveg, og er i stor grad omfattet av faresone for flom, dette vil i stor grad unngås ved å etablere ny veg. Ny veg vil bidra til at en ikke lenger behøver å benytte veg som går over areal ved skytebanen ved Midthølen. Tiltakene vil også medføre at anlegget ved dam Fjellhaugvatn tilfredsstiller kravene i damsikkerhetsforskriften. Anlegget er der i dag, og bruken av arealene vil, med unntak av ny adkomst, ikke bli endret som følge av dispensasjon.*

*Vegfyllinger og vegskjæringer vil bli synlig for allmennheten og utgjøre sår i terrenget, det er imidlertid gjort vurderinger av tiltak for rask revegetering og istandsetting av tilgrensende arealer. Videre er det en generell ulempe å dispensere fra planer, da det er en forutsetning for å gi byggetillatelse at tiltaket i utgangspunktet skal være forankret i plan. Ulempen med å fravike*

*planer er at de har vært gjenstand for en omfattende prosess med medvirkning fra grunneiere, interessenter og myndigheter. En dispensasjon vil til en viss grad tilsidesette slik medvirkning. I lys av vurderingen gjort ovenfor, foreligger det etter vår vurdering en tilstrekkelig overvekt av hensyn som taler for dispensasjon.*

#### **Administrasjonen si førebels vurdering:**

Kommuneplan for Kvinnherad 2016- 2026 – Arealdelen (KPA) er gjeldende for største del av tiltaksområde og arealføremålet er landbruks-, natur- og friluftsområde(LNF). Del av tiltaket ligg innom *Reguleringsplan for skytearena ved Midthølen*. Arealføremålet her er idrettsanlegg.

Det er søkt om dispensasjon for bygging av ny adkomstveg til hoveddam Fjellhaugvatn, forsterking av overløpsterskel, lekkasjemålearrangement, kabelgrøft frå lukehuset til bygg for lekkasjearrangement og rigg/mellomlagingsområde.

Omsyna bak LNF-føremålet er å bevare landbruksareal, naturområde og friluftsområde, samt unngå oppdeling av jordbruksareal. Desse områda skal prioriterast i eit langsiktig perspektiv, og tiltak som ikkje er tilknytt stadbunden næring, samt oppstyking av jord og tap av kulturlandskap, skal i utgangspunktet unngåast.

Eksisterande avkøyrsløse ved pistolskytebane sett frå Blådalsvegen



Bygging av ny tilkomstveg vil gi flaumsikker tilkomst til dam ved Fjellhaugvatnet.

Del av vegen blir etablert i urørt område med furu og bjørkeskog. Område der vegen er vist er avgrensa av pistolskytebanen, skyteanlegget på Midthølen, Hovtjørna og Midthølen vatnet og er lite nytta/eigna som turområde. Vegprofilar syner veg ned i terreng, men behov for fylling fleire stader.

Flyfoto frå område. Skytebane oppe til venstre, pistolskytebane nær markør, eksisterande tilkomst midt i bilde og dam Fjellhaugvatn ned til høgre.



Forsterking av overløpsterskel, lekkasjemålearrangement, kabelgrøft frå lukehuset til bygg for lekkasjearrangement og rigg/mellomlagringsområde er vurdert å ikkje setje omsyna bak formål LNF vesentleg til side. Vegtrasen er vurdert å gje noko påverknad for natur, men lita påverknad for landbruk og friluftsliv.

Ansvarleg søkjar opplyser at dei er kjent med pågåande planarbeid i området, og at det er gjeve innspel til planarbeidet der det er bedt om at ny permanent adkomstveg til dammen blir tatt omsyn til i dette planarbeidet. Utfallet for dette planarbeidet er ikkje gitt og ansvarleg søkjar vurderer det hensiktsmessig å nytte søknad om dispensasjon.

Flaumsikker tilkomst til dam, utbetring/forsterking av overløpsterskel og lekkasjemålearrangement i tråd med forskrift er fordelar. Stenging av tilkomst via eksisterande tilkomstveg ved skytebane gjer at interessekonfliktar kan unngåast. Dette då også som ein fordel medan det er ei klar ulempe at tiltak som til dømes veg i dette høve ikkje blir handsama som del av plan.

Ber om uttale til saka.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Svein Marken  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Vedlegg:  
Søknad om dispensasjon  
Situasjonsplan -arealbruksplan  
E-01,02,03 plan og profil veg  
E-04,05,06 Tverrprofil veg